

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato: 19.04.2006
Sakshandsamar: **Erik M. Hansen, Helse Vest IKT AS**
Saka gjeld: **Nasjonal IKT – Årsoppsummering for 2005**

Styresak 045/06 B

Styremøte 03.05. 2006

Bakgrunn

Viser til sak 058/05 behandla av styret for Helse Vest RHF i møte 27.05.2006 vedrørende Nasjonal IKT-strategi.

Helse- og omsorgsdepartementet har gjennom protokoll frå føretaksmøta i januar 2006 gitt signal om det vidare arbeidet i regi av Nasjonal IKT. Vi viser her til protokoll frå føretaksmøtet, jfr. punkt 4.3.3;

”Føretaksmøtet viste til det felles arbeid som er satt i gang av Nasjonal IKT. Dette fangar opp intensjonen i protokoll frå føretaksmøtet 17. januar 2005 om utgreiing av samordning av relevante tenester (jf pkt. 4.3.1). Dette arbeidet skal bli ført vidare i regi av Nasjonal IKT. Det ble streka under at dette må ha solid forankring i leiinga i alle regionale helseføretak. Samordning av både infrastruktur og applikasjonar (administrative og medisinske/kliniske) skal inngå i dette arbeidet. Nasjonal IKT skal og sikre at det blir etablert ei felles forståing og felles strategi for analyser av risiko- og sårbarheit innan IKT og iverksetting av nødvendige kompensierende tiltak.”

I denne saka er det gitt ein oppdatert status for arbeidet i regi av Styringsgruppa for Nasjonal IKT i 2005.

Årsoppsummering for 2005

Nasjonal IKT har utarbeidd ei årsoppsummering for 2005, jfr. vedlegg 1. Målsettinga med dette dokumentet er å gi brei informasjon om bakgrunnen og status for arbeidet som blir gjennomført i regi av Nasjonal IKT. Årsoppsummeringa blir lagt fram til orientering.

Programkontor for Nasjonal IKT

I brevet datert 19.01.2005 blei det orientert om at møtet mellom dei administrerende direktørane i dei fem RHF-a har godkjent etablering av eit programkontor. Nasjonal IKT gjennomførte i 2005, i samarbeid med HINAS, ein anbuds konkurrans for levering av konsulenttenester i samband med programkontoret. PricewaterhouseCoopers vant konkurransen og programkontoret er etablert med Tore Totland (leiar) og Dagfinn Hallseth. Det pågår eit arbeid med å auke bemanninga i programkontoret gjennom rekruttering av personell frå helseføretaka.

Programkontoret sitt mandat, som er godkjent av styringsgruppa Nasjonal IKT, er å koordinere og følgje opp gjennomføringa av tiltaksplanen i Nasjonal IKT. Dette kan delast i to hovudfunksjonar; (1) programstyring og (2) bistand til programkoordinering. Programkontoret skal forvalte dei tildelte

ressursane på best mogleg måte for å sørge for ei vellykka gjennomføring av programmet totalt sett og dei ulike prosjekta som er organiserte under programmet.

Forslag til vedtak

1. Nasjonal IKT si Årsoppsummering for 2005 blir teke til orientering.